
Fra: kåre jordal <kjordal@online.no>
Sendt: 17. juli 2016 11:48
Til: Postmottak Lindås
Emne: Lindås kommune tillegg til klage av 26.06.2016

Sender over kopi av skriv som i dag vert innlevert til postmottak. Helsing Kåre Jordal

Lindås kommune,
Byggesaksavdelinga,
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø

Alversund 14. juli 2016.

Gnr. 139, bnr. 7 Tveiten nedre – tillegg til vår klage på administrativt vedtak/Søknad om lenging av dispensasjon dagsett 26. juni 2016 og tilsvaer til skriv frå byggesaksavdelinga dagsett 08.07.2016.

Viser til Dykkar skriv dagsett 08.07.2016.

Det vert med dette presisert at det er byggesaksavdelinga i Lindås kommune sitt administrative vedtak dagsett 24.06.2016 om å avvisa vår søknad om byggeløyve for kai i samsvar med gitt dispensasjon og **mottatt av kommunen den 7.juni 2016**, som vert påklaga.

Om klagen.

Grunngjevinga for vår klage er som det går fram av vår klage av 26.juni 2016, at me meiner søknaden er klart innafor 3 årsfristen ut frå ei vanleg forståing av kva tidspunkt ein frist vert rekna frå. Me har heile tida rekna med at det må vera frå det tidspunkt vedtaket er gyldig. Viser her til e-postar frå dåverande rådgjevar Siril Sylta til søkjar **dagsett 7.juni 2013 med melding om oversending av vedtak til søkjar, fylkeskommunen og fylkesmannen til klagevurdering** og av 20.juni 2013 om klagefrist for alle på 3 veker. Sjå vedlegg. Sjølve brevet er dagsett 04.06.2013 og her går det tydeleg fram at klagefristen er 3 veker frå den dagen ein mottar meldinga om vedtak. Denne søknaden hadde til då ikkje vore til uttale korkje hjå fylkesmann eller fylkeskommune og utfall av ei slik handsaming var det all grunn til å avventa ut frå vanleg reaksjon på slike saker på den tid.

Det verkar heilt urimeleg at 3 årsfristen skal gjelda frå vedtaksdato og ikkje frå den tid kommunen finn å underretta søkjar om kva vedtak som er fatta. Vårt syn baserer seg altså på kva som me synes er rimeleg utan at me til no har kontakta advokat, fylkesmann eller sivilombudsmann om dette. **Søknaden er altså innlevert innan 3 år frå søkjar fekk underretting om vedtak.**

Viser her og til referansen sakshandsamar har til Sivilombudsmannen si sak 2007/293 der **det er tidspunkt et det ligg føre eit endeleg vedtak i saka som gjeld.** I dispensasjonssaker har me ei tydeleg oppfatning av at spesielt fylkesmannen ikkje følgder kommunen sine vedtak i slike saker og at endeleg vedtak ikkje ligg føre før slik vurdering av overordna mynde er fullført. **Ut frå ei slik forståing er fristen då i slutten av juni 2016.**

Eit anna moment er at dispensasjonssøknaden og vedtaket især, omfattar ein heilskap med naust og kai i eitt og same vedtak. Naustet er omsøkt og godkjent og er no under oppføring.

Rehabilitering av eksisterande kai er heilt naudsynt for å kunna fullføra tiltaket med naust og tilkomst. Me vil difor hevda at det samla tiltaket, naust med rehabilitering av eksisterande kai med utviding til 8 meter slik det går fram av dispensasjonsvedtaket og søknaden, er igangsett innafor gjeldande fristar og at kaien såleis berre treng byggeløyve.

Om søknad om lenging av frist.

Sakshandsamar påpeikar at kommunen ikkje har heimel for å gje fristforlenging. Det er sikkert korrekt at det generelt ikkje kan gjevast forlenging av slik frist. I utgangspunktet hadde me heller ikkje gjort det då me rekna med og var i god tru om at søknaden var innlevert innafor fristen. Me søker difor om at det vert tatt omsyn til vår forståing av fristen og at denne vert lagt til grunn i vurderinga. Me legg til grunn at lovregelen skal hindra at prosjekt skal kunna dragast ut og at det må vera ein grei frist m.a. i saker som angår naboar eller andre interesser. I vår sak dreier det seg om maksimalt 16 dagar dersom sakshandsamar har rett i si vurdering. Søknaden er difor å sjå på som søknad om utsett frist pga manglande forståing/kunnskap av rettspraksis på dette området og at tvilen kan koma oss til gode all den tid at tiltaket vil lida under dette og at det ut frå vår forklaring er urimeleg om kommunen skal visa deler av eit vedtak til ny dispensasjonssøknad med dei kostnader og den tidsforlenging dette vil påføra prosjektet. Tiltaket slik det er godkjent har ikkje nokon betydning for naboar eller andre.

Oppsummert:

1. Det vert klaga på administrativt vedtak dagsett 24.06.2016 om å avvisa søknad om byggeløyve for kai ut frå at den var innkomen for seint. Etter søkjar sitt syn var søknaden innlevert innafor det som er normal forståing av fristar og at søknaden elles berre var ein delsøknad i eit samanhangande prosjekt som er sett i gang med sine fristar.

2. Dersom administrasjonen si vurdering av frist er korrekt vert det søkt om at fristen vert lengd med 16 dagar ut frå ei rimelegheitsurdering av saka.

Med helsing

Kåre Jordal

For Yvonne C. og Ola J. Jordal

Vedlegg: E-post frå Siril Sylta av 7. og 20. juni 2013.